

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 17. februar 2021 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Digitalt møte på Skype
Opning:	Sigrid

Til stades: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Dag Kjetil Lægreid (1. vara), Dagfinn Koppang (2.vara)

Andre som var til stades for særskilde saker: Olaug Irene Arnesen Gloppen (soknediakon)

SAKLISTE

2021/7- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

2021/8- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte
Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt
Sak 2021/6 – Konfirmasjon 2021
Soknerådet tek orienteringa til vitande.

2021/9- 340 Diakoniarbeid i soknet
Soknerådet har invitert soknediakon og medlemmer i diakoniutvalet til møtet. Me ønskjer å høyre om arbeidet som gjerast innan diakoni i Stord sokn, og kva utvalet og tilsette ser av moglegheiter og utfordringar framover. Det er ei målsetting at deltakinga i rådsmøtet kan vere ein arena for å inspirera kvarandre og løfte fram diakoniarbeidet. Soknerådet ønskjer gjerne innspel på kva me kan gjere for å spela diakonane og det diakonale arbeidet godt.

Soknerådet ønskjer og å drøfta arbeidet med revidering av diakoniplan og legg opp til ein samtale rundt innhald i ein slik plan, mål og visjonar/retning. Eksisterande diakoniplan er vedlagd som sakspapir.

Vedtak:

Soknerådet ber i første omgang diakoniutvalet arbeida vidare med kortsiktige prioriteringar i diakoniarbeidet. Soknerådet er svært positive til forslaget om open kyrkje, gjerne på onsdag kveldar. Utvalet tek elles med seg signala frå samtalen i soknerådet i det vidare arbeidet. Arbeidet med ny diakoniplan blir utsett til hausten.
Samrøystes.

2021/10- 046 Årsmøte 2021
I alle sokn skal det kvart år haldast eit soknemøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf kyrkelova §9. Dette årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er soknemøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Frista for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapet er 1.april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette

Vedtak:

Årsmøtet 2021 blir halde søndag 30. mai.
Samrøystes.

2021/11- 046 Årsrapport 2020
Soknerådet utarbeider innan 1.mars kvart år, ein årsrapport over rådets aktivitet i siste kalenderår. Rapporten leggst fram for årsmøtet/soknemøtet og oversendes kyrkjeleg fellesråd, prosten, bispedømmerådet og andre som soknerådet bestemmer. Foreløpig utkast til årsrapport for 2020 er vedlagd.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Vedtak:

Soknerådet delegerer til AU å ferdigstill og godkjenna årsrapport for 2020. Samrøystes.

2021/12- 012 Mandat for utval tilknytt Stord sokneråd

Forslaget til mandat er oppdatert i tråd med innspel frå utvala og vedlagt.

Vedtak:

Mandat for soknerådet sine utval blir vedteke som framlagt. Samrøystes.

2021/13- 210 Høyringsuttale ifm tilsetjing

Unnateke offentleg innsyn, jfr Offentleglova §13

2021/14- 121 Høyringsuttale ifm muleg lån frå Fellesrådet til Kyrkjestova

Stord Kyrkjelege Fellesråd har motteke ein søknad frå Kyrkjestova Fredheim om å låna NOK 1,6 millionar rente- og eller avdragsfritt. Fellesrådet har bede sokneråda om å uttala seg om:

1. Er soknerådet positiv til at Stord Kyrkjelege fellesråd gjev eit rentefritt lån på kr 1 600 000 til kyrkjestova Fredheim.
2. Er soknerådet positiv til at Stord Kyrkjelege fellesråd gjev eit rente og avdragsfritt lån på kr 1 600 000 til kyrkjestova Fredheim.

Det er og behov for å utnemna 1 sette-medlem til Stord Kyrkjelege Fellesråd for vidare handsaming av denne saka i fellesrådet.

Vedtak:

Anders Dahl, Dag Sele og Nils D. Elde bad om å få sin habilitet i saka vurdert, ut frå at dei er medlemmer av styret i Kyrkjestova Fredheim. Soknerådet konkluderte med inhabilitet og dei nemnde medlemene fråtreidde ved handsaming av saka.

Resultatet av handsaming av saka:

Stord sokneråd er positiv til at Stord Kyrkjelege fellesråd gjev eit rente og avdragsfritt lån på kr 1 600 000 til kyrkjestova Fredheim.

Soknerådet oppnemner Dag Kjetil Lægreid som settemedlem til Stord kyrkjelege fellesråd under behandling av denne saka, i tillegg til 2. varamedlem Kirsti A. Frugård.

Samrøystes.

- **Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå arbeidsmøte i frivillig-gruppa, 21.jan
2. Referat frå møte i TOL-utval, 26.jan
3. Referat frå møte i diakoniutval, 1.feb
4. Referat frå møte i gudstenesteutval, 4.feb
5. Referat frå møte i Stord Kyrkjelege Fellesråd, 10.feb

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
referent
sign